



Knarvik Bygg AS
Postboks 449 Nesttun
5853 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3225 - 16/9594

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
13.05.2016

Godkjenning- Søknad løyve til tiltak - ett trinns søknadsbehandling - tilbygg på GBNR 21/10

Administrativt vedtak. Saknr: 129/2016

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

I søknad med vedlegg journalført motteke 19.4.2016 har Knarvik Bygg AS på vegne av tiltakshavar Nils Dale søkt om løyve etter Plan- og bygningslova (Pbl) § 20-5 om oppføring av tilbygg til bustad på tilsaman 14,17 m² på gbnr 21/10 på nedre Dale i Meland kommune.

Tiltaket kjem i strid med hensynsone til fylkesvegen, dispensasjon frå Statens vegvesen om å løyve til oppføring av tilbygg i strid med byggegrense mot veg er gitt i vedtak av 16.12.2016.

VURDERING:

Planstatus:

Eigedommen ligg i kommuneplanen sin arealdel (KPA) opplista i tabell 9.1 Bygde bustadeigedomar med status som LNF- spreidd bustad. Tiltak som omsøkt krev ikkje dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen.

Nabovarsling:

Søknaden vart nabovarsla 15.10.2015. Ansvarleg søkjar skriv at naboar er varsla om eit tilbygg på 88 m² på bustaden, og tiltaket som no er omsøkt er redusert til 14,17 m². Søkjar skriv at det er ikkje komen merknad

til nabovarslinga av tilbygg på 88 m², og har vurdert at reduseringa ikkje vil føre til ulemper for naboar, og dei er ikkje varsla på nytt.

Administrasjonen er samd med søkjar og fritar for ny nabovarsling med heimel i Pbl § 21-3 andre ledd. Det er ikkje trong for ytterlegare varsling i saka.

Plassering av tiltaket og avstand frå nabogrense:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart journalført motteke 19.4.2016. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Parkering og utandørs opphaldsareal:

Tillatt grad av utnytting på tomta er 30% BYA. Tiltaket samsvarar med kommuneplanen

Planløyving, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 19.4.2016. kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i Pbl § 29-1- 29-3.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-4 løyve til oppføring av tilbygg på tilsamman 14,17 m² til einebustaden på gbnr 21/10 i Meland kommune, i samsvar med søknad journalført motteke 19.4.2016.

Det vert vist til kart og teikningar journalført motteke 19.4.2016.

Plassering som vist på kart og med følgjande toleransekrav:

I horisontalt plan+- 50 cm. I vertikallt plan +- 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så langt det ikkje er gjeve unntak».

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vera nytte fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr. Det kan klagast over kva for punkt i gebyrregulativet gebyret er berekna ut i frå.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

situasjonskart

Søknad løyve til tiltak - ett trinns søknadsbehandling - tilbygg på GBNR 21/10
bilete og teikningar

Mottakere:

Knarvik Bygg AS

Postboks 449
Nesttun

5853

BERGEN